

**I N F O R M A S J O N**

**O M**

**S F O**



**LEVELD SKULE**

**2010 - 2011**

**I dette heftet er det samla ein del informasjon som kan vere nyttig når barnet dykkar har fått tildelt SFO-plass.**

Skulefritidsordninga (SFO) skal vere eit tilbod før og etter skuletid, samt på dei undervisningsfrie vekedagane for barn på 1. - 4. trinn. SFO skal også vere eit tilbod for barn med spesielle behov på 1. - 7. trinn.

SFO skal vere ein trygg stad for barna å vere utover skuletida, gje barna omsorg og tilsyn, samt leggje til rett for leik, kultur- og fritidsaktivitetar.

Det er knytta SFO til alle barneskulane i Ål. SFO i Ål er organisert slik at kvar skule dimensjonerer sin eigen SFO utifrå behovet. Kvar skule fastset på den måten åpningstider og foreldrebetaling. Utgangspunktet for neste års SFO er difor dei søknadane som kjem inn i hovudopptaket. Søknadsfristen til hovudopptaket er 1. mars.

### **BETALINGSSATSAR VED LEVELD SKULE**

Fylgjande betalingssatsar for skuleåret 2009/2010 er vedteke i SU for Leveld skule:

0-6 timar	kr 500,-
6,15-10 timar	kr 800,-
10,15-16 timar	kr 1 300,-
Over 16 timar	kr 1 600,-
Kjøpedagar	kr 100,-

I samsvar med kommunale vedtekter § 12 vert det ved manglande foreldrebetaling i meir enn 2 månader sendt skriftleg varsel om oppseiing av plassen.

### **ENDRING ELLER OPPSEIING AV SFO-PLASS**

Ein SFO-plass vert tildelt for eitt år om gongen.

Ein tildelt SFO-plass kan endrast eller seiast opp dersom behovet endrar seg i løpet av året. Søknad om endring av SFO-plass (endring av dagvalg, utviding av SFO-plass og redusering av SFO-plass) og oppseiing av heile SFO-plassen skal skje på elektronisk skjema. Det elektroniske skjemaet er å finne på [www.aal.kommune.no](http://www.aal.kommune.no) eller du kan ta kontakt med Servictorget på Tingtugu eller skulen dersom du ikkje har tilgang til internett eller ynskjer hjelp til utfylling av søknaden.

Oppseiing av plass (heile eller delar av tildelt plass) vert rekna frå den 1. i månaden etter at den er motteken. Det er ikkje høve til å seie opp plassen innanfor eit SFO-år etter 1. april. Ein plass må difor seiast opp innan 1. april og barnet må takast ut av SFO innan 1. mai.

**Har du andre spørsmål? Ta kontakt med skulen eller sjå heimesida til Ål kommune: [www.aal.kommune.no](http://www.aal.kommune.no)**

**ME YNSKJER DYKK VELKOMEN TIL SFO VED LEVELD SKULE!**

## KOMMUNALE VEDTEKTER

Vidare fylgjer dei kommunale vedtektene for SFO:

	<b>KOMMUNALE VEDTEKTER FOR SKULEFRITIDSORDNINGA (SFO) I ÅL KOMMUNE</b>  Vedteken av kommunestyret 16.10.03 (K-sak 84/03) Endra i sektorutval for oppvekst 24.06.08 (sak 14/08)
<b>§ 1 FORMÅL</b>	<p>SFO er eit frivillig tilbod til elevar før og etter skuletid i 1.-4. trinn, og for elevar med særskilde behov i 1.-7. trinn.</p> <p>SFO skal leggje til rette for leik, kultur- og fritidsaktivitetar og lekser med utgangspunkt i barna sin alder, funksjonsnivå og interesser. Ordninga skal gje barna omsorg og tilsyn. Funksjonshemma barn skal gjevast gode utviklingsmoglegheiter. Areal, både ute og inne, skal være egna for føremålet.</p> <p>Med ei slik forståing lagt til grunn, er det rom for eit mangfald av ulike ordningar med store variasjonar i innhald, struktur og organisering. Den einskilde lokale ordning må likevel halde seg innafør rammevilkåra i dei kommunale vedtektene.</p> <p>Kommunen vil så langt råd er, ha tilbod om SFO ved den einskilde skule. Eit godt utbygd SFO-tilbod vil styrke det totale oppvekstmiljøet i kommunen.</p>
<b>§ 2 STYRINGSORGAN</b>	<p>Sektorutval for oppvekst (SUO) fastset vedtekter for SFO. Vedtektene gjeld for alle som deltek, arbeider eller har barn i SFO.</p>
<b>§ 3 STYRING OG LEIING</b>	<p>Rektor har det overordna faglege og administrative ansvaret for SFO-ordninga ved eigen skule.</p> <p>Rektor skal i samarbeid med dei SFO-tilsette utarbeide ein årsplan for verksamda. Planen skal ha med punkt om mål, organisering og innhald for drifta. Dei SFO-tilsette skal etter behov delta på skulen sine klasseforeldremøte og på konferansetimar.</p> <p>SFO skal saman med skulen og SU innarbeide rutiner og arbeidsformer som gjev barn og foreldre medråderett på innhald, organisering og rutiner.</p>
<b>§ 4 BEMANNING</b>	<p>Bemanningsnormen er 1 vaksen pr. 12 barn. For barn med særskilte behov kan det tilsettjast ekstra personale etter sakkunnig vurdering.</p>
<b>§ 5 POLITIATTEST</b>	<p>Dei som skal arbeide i SFO, må leggje fram tilfredsstillande politiattest. Attesten skal syne om vedkomande er sikta, tiltalt eller dømt for seksuelle overgrep mot barn.</p>
<b>§ 6 TEIEPLIKT</b>	<p>Alle som arbeider i SFO har teieplikt etter forvaltningslova § 13.</p>

<p align="center"><b>§ 7 ANTAL PLASSAR</b></p>	<p>Det bør vere minst 5 barn som ynskjer SFO ved den einskilde skule for at eit tilbod vert oppretta. Er det færre enn 5 som ynskjer SFO, bør samarbeid med barnehagar eller andre skular drøftast.</p>
<p align="center"><b>§ 8 OPPTAKSMYNDDE</b></p>	<p>Rektor ved den einskilde skule har opptaksmynde. Det skal nyttast elektronisk skjema for å søkje plass.</p> <p>Skulen sitt vedtak om tildeling eller avslag på søknad er å rekne som enkeltvedtak etter forvaltningslova. Klage på skulen sitt vedtak skal sendast til skulen. Klageinstans er SUO.</p>
<p align="center"><b>§ 9 OPPTAKS- KRITERIUM</b></p>	<p>Fylgjande kriterium skal leggjast til grun ved opptak av barn til SFO etter slik prioritet:</p> <ol style="list-style-type: none"> <li>1. Funksjonshemma barn</li> <li>2. Barn med spesielle behov</li> <li>3. Nye barn skal takast inn etter alder slik at dei yngste vert prioritert.</li> </ol>
<p align="center"><b>§ 10 OPPTAKSPERIODE</b></p>	<p>Opptaksperioden er for eitt år. Hovudopptak skjer om våren før nytt skuleår. Opptak gjennom året skjer etter behov og ledige plassar.</p>
<p align="center"><b>§ 11 OPPSEIING</b></p>	<p>Oppseiingstida er på ein måned og skal reknast frå den 1. i påfylgjande måned. Ved oppseiing etter 1. april skal det betalast for plassen fram til sommarferien.</p> <p>Det skal nyttast elektronisk skjema for oppseiing av SFO-plass.</p>
<p align="center"><b>§ 12 BETALING FOR SFO</b></p>	<p>Kommunen kan kreve utgiftene til SFO dekt gjennom eigenbetaling frå foreldra.</p> <p>Skulane fastset sjølv satsane for foreldrebetalinga. Satsane vert fastsett pr. måned og det vert fakturert 10 gonger pr. skuleår.</p> <p>Ved manglande foreldrebetaling i meir enn to månader, vert det sendt varsel om oppseiing av plassen.</p>
<p align="center"><b>§ 13 ÅPNINGSTID</b></p>	<p>Den einskilde skule fastset sjølv åpningstid etter innmeldte behov frå foreldre. I hovudsak skal åpningstida vere mellom kl 07.15 - 16.15.</p> <p>Dei føresette som ikkje henter sine barn til rett tid må kunne rekne med å betale ekstra for dette.</p> <p>Dersom ein elev ikkje kan møte på SFO som avtalt, må det meldast frå skriftleg eller pr. telefon om dette til skulen.</p>
<p align="center"><b>§ 14 PLANLEGGINGS- DAGAR</b></p>	<p>SFO skal vere åpen på skulen sine planleggingsdagar. Skulen avgjer om det skal samarbeidast med annan skule eller barnehage.</p>
<p align="center"><b>§ 15 FERIE-SFO</b></p>	<p>Den einskilde skule kartlegg behovet for SFO i feriar. Rektor kan avgjere om det skal gjevast tilbod ved eigen skule eller om det skal samarbeidast med annan skule eller barnehage.</p> <p>Ferie-SFO inngår ikkje i den ordinære betalinga.</p>

<p><b>§ 16 LEIKE- OG OPPHALDSAREAL</b></p>	<p>Leike- og opphaldsareal bør stå i høve til kva ein meiner SFO-ordninga skal vere. Den har ei anna organisering av barnegruppa og eit anna innhald enn skulen og dette krev at dei fysiske tilhøva litt til rette. Ideelt sett bør SFO ha eige lokale som ikkje dagleg vert nytta til undervisning. Ein før ved kvart einskild tilfelle vurdere om tilhøva er formålstenleg.</p>
<p><b>§ 17 SKYSS</b></p>	<p>SFO-ordninga er frivillig, og det vert ikkje sett opp ekstra skyss i samband med denne. Der tilhøva krev det, vil kommunen sørge for skyss mellom skule og SFO-lokala.</p>
<p><b>§ 18 PRIVATE SFO- ORDNINGAR</b></p>	<p>Kommunen kan nytte andre til å oppfylle plikta til å ha eit tilbod om SFO, dersom dei elles oppfyller vilkåra i høve opplæringslova. Kommunen skal føre tilsyn med private SFO-ordningar.</p>
<p><b>§ 19 LOKALE VEDTEKTER</b></p>	<p>Det skal fastsettjast lokale vedtekter for den einskilde SFO i Ål kommune. SU ved skulen skal vedta dei lokale vedtektene. Vedtektene skal sendas oppvekstkontoret til orientering.</p> <p>Vedtektene skal minst innehalde punkt om:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- organisering og dimensjonering av skulen sin SFO</li> <li>- åpningstid (dagleg og årleg åpningstid)</li> <li>- betalingssatsar</li> <li>- bemanning ved skulen sin SFO</li> <li>- kor mange elevar som er med i ordninga</li> <li>- bruk av inne- og uteareal, samt samla leike- og opphaldsareal</li> <li>- om kostnader til tur og mat vil kome i tillegg til ordinær betaling</li> <li>- evt. reglar som er naudsynte pga spesielle lokale tilhøve</li> </ul>

## **LOKALE VEDTEKTER**

Det skal fastsettjast lokale vedtekter for den einskilde SFO i Ål kommune. Fylgjande lokale vedtekter gjeld ved Leveld skule:

## **VEDTEKTER FOR SFO VED LEVELD SKULE**

### **Skuleåret 2010/2011**

#### **Åpningstider:**

SFO er ope etter skuletid måndag, torsdag og fredag 14.15-16.30 og tysdag kl. 13.15.-16.30. Leveld skule samarbeidar med Sando og Torpo skular om SFO på planleggings dagar, elevfrie dagar og feriar.

#### **Organisering:**

Skulen har ein SFO-assistent fredag og to assistentar måndag, tysdag og torsdag ettermiddag. Elevane møter på førsteklasse rommet (Puserud) rett etter at undervisninga er ferdig. Kontaktlærer / timelærer og SFO-assistent sørger for at elevane møter i SFO-lokala.

SFO kan ha 12 born pr. assistent desse ettermiddagane.

#### **Betalingssatar og omfang:**

Omfang som avgjer prisen:

0 - 6 timar

6:15 - 10 timar

10:15 - 16 timar

over 16 timar

Betalingssatsane kan bli justerte ved årsskifte. Det er ikkje søskenmoderasjon.

0-6 timar kr 500,- pr måned

6:15-10 timar kr 800,- pr måned

10:15-16 timar kr 1300,- pr måned

over 16 timar kr 1600,- pr måned

Alle prisar er pr SFO-brukar og pr. måned. På bakgrunn av innmeldt behov i hovudopptaket vert åpningstid og betalingssatsar fastsett. Etter at dette er vedteke i SU, vert informasjon om SFO-året 2009/2010 sendt ut i samband med svar på søknaden.

SFO har kr 250,- kr. pr elev til mat og arbeidsmateriell skuleåret 2010/2011.

Dersom ein elev gjentatte gonger ikkje blir henta til rett tid, kan dei føresette få krav om ekstra betaling kr. 100,- pr. påbegynte halvtime.

**Reglar:** Ordensreglane ved skulen gjeld også ved SFO. Reglane i barnehagen gjeld når elevane har tilhaldstad der. Heimen må gje skriftleg beskjed (eventuelt ringje) dersom eleven ikkje skal på SFO, eller dersom eleven blir henta av ein annan enn dei føresette.

**Ekstra dag:** Det er mogeleg å kjøpe ekstra dag/einskildsdag på SFO. Det kostar kr.100,- pr.dag.

#### **Opptak og oppseiing:**

Funksjonshemma og born med spesielle behov vert prioritert fyrst. Deretter vert borna tekne inn etter alder der dei yngste kjem inn fyrst. Frist for å søkje ved hovudopptak er 1.mars kvart år.

Plassen ved SFO gjeld for 1 år. Oppseiingstida er 1 måned og vert rekna frå den 1. i påfølgjande måned. Ved oppseiing etter 1.april, må ein betale for plassen ut skuleåret.

Sjå òg dei kommunale vedtekter for skulefritidsordninga.

Dei lokale vedtektene vil bli justerte i kvart skuleår.

Vedteke i SU ved Leveld skule, 19.05.10.

Telefon 32084166/95898650

e-post: ellen.ellingsgard@aal.kommune.no